

Møteinnkalling

Utval:	Trafikktryggingsutvalet
Møtestad:	Hotell Augustin, C. Sundts Gate 22, Bergen
Dato:	04.10.2021
Tid:	09:00

Program

Kl. 09:00 . 09:05 Opning

Kl. 09:05 . 10:15 Orienteringar

- Erfaringar med elsparkesyklar i Bergen: utfordringar og verkemiddel
 - *Elsparkesykel-piloten i Bergen og nye reguleringar for betre trafikktryggleik* v/ Lars Ove Kvalbein og Tord Holgernes, Bymiljøetaten i Bergen kommune
 - *Skadar og ulykkesbiletet* v/ Bergen legevakt
 - *Utfordringar og verkemiddel sett frå politiet* v/ Ola Akselberg, Vest politidistrikt
 - *Elsparkesykel-kampanje* v/ Amalie Bjelland Malmo, avd. for infrastruktur og veg (INV), Vestland fylkeskommune.
- *Fylkesarbeidet og forholdet til nasjonalt trafikktryggingsarbeid* v/ Knut Skjetne, Trygg Trafikk.
- *Status for ulykkesutviklinga i Vestland* v/ Trond Hollekim, INV, Vestland fylkeskommune.

Kl. 10:15 - 10:25 Pause

Kl. 10:25 - 11:30 Saksbehandling

Kl. 11:30 - 12:15 Lunsj

Kl. 12:15 - 14:00 Verkstad - **handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland**

Korleis skal me nå måla våre innan trafikktryggingsarbeidet? FTU med politikarar, fagfolk og representantar for medverknadsorgana er inviterte til ein felles handlingsprogram-verkstad, der målet er å drøfta kor og korleis me bør retta inn innsatsen vår dei neste åra. Sjå også referatsak på sakskartet som kan nyttast som førebuing til verkstaden

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Trafikktryggingsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Jannicke Bergesen Clarke

Utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 7/21	Godkjenningssaker		
GK 8/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i	2020/77170	
	trafikktryggingsutvalet 19.05.21		
	Referatsaker		
RS 13/21	Verkstad 4. oktober 2021 - handlingsprogram for	2019/101	
	trafikktrygging 2022-2025		
	Politiske saker		
PS 6/21	Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU) 2022	2019/101	
PS 7/21	Høyring av Regional transportplan for Vestland 2022 -	2021/21417	
	2033		
PS 8/21	Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar - Haust 2021	2020/78745	

Godkjenningssaker
GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksnr: 2020/77170-18
Saksbehandlar: Berit Sæther Baldersheim

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet	8/21	04.10.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i trafikktryggingsutvalet 19.05.2021

Vedlegg

1 Protokoll frå møte 19. mai 2021

Møteprotokoll

Utval:	Trafikktryggingsutvalet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	19.05.2021
Tid:	09:00-11:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP (frå kl 10:50)
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Morten Klementsens	Medlem	UA
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP (delvis forfall)

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunnar Moland	Hanne Eva Husebø Kristensen	H
Jenny Ellaug Følling	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP (til kl 10:30)

I tillegg var invitert og møte:

Statens vegvesen ved Sindre Lillebø, Torbjørn Brosvik og Thorbjørn Andre Thiem
 Vest politidistrikt ved Ola Akselberg
 Trygg trafikk ved Knut Olav R. Nestås og Kjell Magne Seim
 Vestland fylkeskommune ved Carl Erik Nielsen, Amalie Bjelland Malmo, Trond Hollekim, Else-Marie Brobakke Aarø, Eva Vinjevoll, Even Vaular

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
John Martin Jacobsen	Seksjonssjef forvaltning og utgreiing
Lotte Lynngård	Rådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i trafikktryggingsutvalet 15.03.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 10/21	Årsrapport for Trygg Trafikk Vestland 2020	2019/101	
RS 11/21	Rapport om organiseringa av trafikktryggingsarbeidet etter regionreforma	2019/101	
RS 12/21	Trafikktrygging i Nasjonal transportplan 2022-2033 og arbeidet med ny nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit	2019/101	
	Politiske saker		
PS 4/21	Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar 2021	2021/672	
PS 5/21	Endringar i disponeringa av FTU-midlar, mai 2021.	2019/101	

Godkjenningssaker

**GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021**

Møteinnkalling og sakliste vart godkjend utan merknader.

**GK 6/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i trafikktryggingsutvalet 15.03.21
Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021**

Møteprotokoll frå møte 15.03.2021 vart godkjend utan merknader.

Referatsaker

**RS 10/21 Årsrapport for Trygg Trafikk Vestland 2020
Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021**

RS 10/21 vart referert

RS 11/21 Rapport om organiseringa av trafikktryggingsarbeidet etter regionreforma Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021

RS 11/21 vart referert.

RS 12/21 Trafikktrygging i Nasjonal transportplan 2022-2033 og arbeidet med ny nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021

RS 12/21 vart referert.

Politiske saker

PS 4/21 Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar 2021

Forslag til vedtak

1. Trafikktryggingsutvalet gir slikt tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar for 2021:

Kommune	Tildeling (kr)
Tysnes	150 000
Ullensvang	150 000
Ulvik	150 000
SUM	450 000

2. Trafikktryggingsutvalet vil oppmoda kommunane om å vurdera Trafikksikker kommune som eit rammeverk for heilskapleg, breitt og systematisk trafikktryggingsarbeid i kommunen. Kriterium frå godkjenningsordninga kan med fordel verta innarbeidd i planen.
3. Trafikktryggingsutvalet vil vidare peike på viktigeita av at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingsplanar. For å lykkast med å nå måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde er me avhengige at kommunane tar ei aktiv rolle i trafikktryggingsarbeidet. Kommunale trafikktryggingsplanar er viktige innspel til prioriteringar av ts-tiltak på fylkesveg.

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Trafikktryggingsutvalet gir slikt tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar for 2021:

Kommune	Tildeling (kr)
Tysnes	150 000
Ullensvang	150 000
Ulvik	150 000
SUM	450 000

2. Trafikktryggingsutvalet vil oppmoda kommunane om å vurdere Trafikksikker kommune som eit rammeverk for heilskapleg, breitt og systematisk trafikktryggingsarbeid i kommunen. Kriterium frå godkjenningsordninga kan med fordel verta innarbeidd i planen.
3. Trafikktryggingsutvalet vil vidare peike på viktigheita av at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingsplanar. For å lykkast med å nå måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde er me avhengige at kommunane tar ei aktiv rolle i trafikktryggingsarbeidet. Kommunale trafikktryggingsplanar er viktige innspel til prioriteringar av ts-tiltak på fylkesveg.

PS 5/21 Endringar i disponeringa av FTU-midlar, mai 2021.

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om endringar i disponeringa av FTU-midlar for 2021. Resterande midlar etter tildeling frå tilskotsordninga for kommunale trafikktryggingsplanar - kr. 850.000 - vert overført til tilskotsordninga for trafikktryggingsaktivitetar.

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om endringar i disponeringa av FTU-midlar for 2021. Resterande midlar etter tildeling frå tilskotsordninga for kommunale trafikktryggingsplanar - kr. 850.000 - vert overført til tilskotsordninga for trafikktryggingsaktivitetar.

Referatsaker
RS 13/21 Verkstad 4. oktober 2021 - handlingsprogram for trafikktrygging
2022-2025

Saksnr: 2019/101-43
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 13.09.2021

Til: Trafikktryggingssutvalet (FTU)
Faggruppe FTU
Representantar for medverknadsorgana

Frå: Avdelingsdirektør for infrastruktur og veg

Verkstad 4. oktober 2021 – handlingsprogram for trafikktrygging 2022-2025

Som del av arbeidet med handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025 vert det gjennomført eit arbeidsmøte/ein verkstad saman med ordinært møte i trafikktryggingssutvalet (FTU) 4. oktober 2021. Medverknadsorgana i fylket er inviterte til å stilla med ein representant kvar.

Målet med handlingsprogram-verkstaden er å løfta fram sentrale problemstillingar innanfor ulike tema/innsatsområde i trafikktryggingssarbeidet og drøfta moglege grep. Me ønsker innspel til det vidare arbeidet. Målstruktur er utarbeidd - den finn de lenger nede i dette notatet. Det store spørsmålet er: Korleis skal me nå måla våre?

Dette notatet gir eit underlag for verkstaden. På sjølve verkstaden vert det også presentasjonar som dannar grunnlaget for drøftingane.

Involvering av medverknadsorgana

Rammene for utarbeidinga av handlingsprogrammet vart fastsett i hovudutval for samferdsel og mobilitet 14. oktober 2020, i politisk sak (PS) 87/20. Som oppfølging vart det orientert om arbeidet med handlingsprogrammet i dei tre medverknadsorgana (Vestland ungdomsutval, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkeseldrerådet) i desember 2020. Medverknadsorgana viste stort engasjement for trafikktryggingssarbeidet, og ønskte å verta involverte i den vidare prosessen. Fylkeseldrerådet fylgde etter orienteringa opp med ei politisk sak, der dei kom med skriftlege innspel. Avdelingsdirektøren (då 'fylkesdirektøren') melde i møte 15. mars 2021 attende til FTU om innspela frå medverknadsorgana (referatsak (RS) 7/21). I saka peikte avdelingsdirektøren på handlingsprogram-verkstaden som ein god arena for vidare involvering av medverknadsorgana.

Forslag til målstruktur

Forslag til målstruktur for handlingsprogrammet vart presentert for FTU i ei orientering i møtet 19. mai. Presentasjonen finn de som vedlegg.

Målstrukturen skal ta i vare:

- Fylkeskommunen sitt ansvar etter vegtrafikklova §40a for å tilrå og samordna tiltak for å fremma trafikksikkerheita i fylket.
- Nullvisjonen og mål om reduksjonar i drepne og hardt skadde frå Nasjonal transportplan, mellom anna halvering i talet drepne innan 2030, og ingen som døyr i trafikken i 2050.
- Satsingar i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg, der fylkeskommunane har ansvar for fleire tiltak.
- Breidda i trafikktryggingssarbeidet

Målstrukturen ser slik ut:

Visjon:

Nullvisjonen –ein transportsystem der ingen vert drepne eller hardt skadde.

Hovudmål:

Færre skal omkomma eller verta hardt skadde i vegtrafikkulykker i Vestland.

Delmål:

- I. I Vestland skal færre omkomma eller verta hardt skadde
 - o i utforkøyringsulykker
 - o i møteulykker
 - o som mjuke trafikantar
- II. I Vestland skal trafikktryggleiken betrast for trafikantar med høgare risiko for å omkomma eller verta hardt skadd.
- III. Fleire trafikantar i Vestland skal ha ei trafikksikker åtferd.
- IV. Arbeidet med trafikktrygging i Vestland skal styrkast.
 - o gjennom betre koordinering og samhandling¹
 - o gjennom auka kunnskap og kompetanse
 - o gjennom eit betre kommunalt trafikktryggingsarbeid
 - o gjennom eit aktivt lokalt trafikktryggingsarbeid

Tema/innsatsområde

I arbeidet med handlingsprogrammet har me identifisert ulike tema og deltema der det kan vera aktuelt å vurdere tiltak.

Kollektiv Sjøførsikkerheit Passasjersikkerheit Kollektivmaterieill og ts for andre trafikantar Kollektivinfrastruktur	Møte- og utforkøyringsulykker Møteulykker Utforkøyringsulykker
Ulykker med mjuke trafikantar Ferdsl og infrastruktur for gåande, syklende og elsparkesykkel i by Trafikksikkerheit på skuleveg og fritid Trafikkopplæring for barn og unge Anna åtfersretta arbeid	Trafikantar med høgare risiko MC-førarar Eldre mjuke trafikantar og førarar Innvandrarar som kjem frå andre trafikkulturar Unge førarar Kriminelle Rusmisbrukarar
Risikoåtferd Rus Fart Manglande merksemd Manglande bruk av sikkerheitsutstyr	Trafikktrygging i vidaregåande skule Åtfersretta arbeid vidaregåande elevar og lærlingar Køyreopplæring i skulen Trafikksikre skuleområde
Vegeigaransvaret for trafikktrygging Kommunal planlegging og arealplansaker Trafikksikkerheit ved drift av fylkesveg Trafikksikkerheit ved utbyggingsprosjekt på fylkesveg Arbeidsvarsling	Offentleg og frivillig ts-arbeid Trafikktryggingsarbeidet i fylkeskommunen Kommunalt trafikktryggingsarbeid Anna lokalt trafikktryggingsarbeid

Innspel til det vidare arbeidet – korleis skal me nå måla våre?

I det vidare arbeidet skal det verta utvikla måtal/indikatorar som gjer hovudmål og delmål konkrete og målbare. Handlingsprogrammet skal også ha strategiar, som syner kva grep vi vil ta for å nå

¹ Underpunkta til fjerde delmål er i forslag til målstruktur strategiar, men er tatt med for å gjera det tydeleg at det er konkrete tankar bak delmålet.

måla våre. Sist, men ikkje minst, skal handlingsprogrammet innehalda tiltak, som følgjer av strategiane. Det er viktig med ein raud tråd mellom mål, strategiar og tiltak, og at det vert prioritert tiltak med verknad mot det ulykkesbiletet me ser no og forventar å sjå i framtida. I handlingsprogram-verkstaden ønskjer me innspel til det vidare arbeidet.

Vedlegg

- 1 Forslag til målstruktur - handlingsprogram ts - FTU 19. mai 2021 - orientering



Vestland
fylkeskommune

Forslag til målstruktur.

Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025

Tanken bak målstrukturen

I

Enkle målformuleringar:

- Lett å forstå og formidla
- Gjer det tydeleg kor me skal retta innsatsen i trafikktryggingsarbeidet.

Skal ta i vare:

- Fylkeskommunen sitt ansvar etter vegtrafikklova §40a
- Nullvisjonen og mål om reduksjonar i drepne og hardt skadde frå NTP
- Satsingar i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg
- Breidda i trafikktryggingsarbeidet

Tanken bak målstrukturen II

Måltal/indikatorar gjer hovudmål og delmål konkrete og målbare.

Strategiar syner kva grep vi vil ta for å nå måla våre.

Tiltaka følgjer av strategiane.

Status

Forslag til målstruktur til drøfting i prosjektgruppe, administrativt og i FTU.

Skal utvikla vidare gode måltal/indikatorar som gjer at me har noko å måla oss på.

Utvikling av strategiar og tiltak etter kartlegging av status og utfordringar.

Forslag til målstruktur (utkast)

Visjon:

Nullvisjonen – ein transportsystem der ingen vert drepne eller hardt skadde.

Hovudmål:

Færre skal omkomma eller verta hardt skadde i vegtrafikkulykker i fylket.

Måltal/indikatorar:

- Talet drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Vestland fylke skal reduserast til maksimalt 63 i 2024 og 44 i 2030.
- Av drepne/hardt skadde i 2030 skal maksimalt **XX** vera drepne.
- I 2050 skal ingen døy i trafikken




Mål i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet - Vestland



Trafikksikkerhetsutviklingen 2019

Oppfølging av Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021



Figur V1.7 - Utvikling i antall drepte og hardt skadde + målkurve i Vestland fylke

Forslag til målstruktur (utkast)

Delmål 1/4:


I Vestland skal færre omkomma eller verta hardt skadde

- **i utforkøyringsulykker**
- **i møteulykker**
- **som mjuke trafikantar**


Døme måltal/indikatorar:

- Talet utforkøyringsulykker med drepne/hardt skadde skal reduserast frå **XX** til **XX** innan 2030.
- Prosentdelen drepne/hardt skadde i utforkøyringsulykker med personskade skal reduserast frå **XX**% til **XX**% innan 2030.

Vestland - drepne og hardt skadde etter ulykkestyper 2010 - 2019



Utvikling etter uhellskategori



Forslag til målstruktur (utkast)


Delmål 2/4:

I Vestland skal trafikktryggleiken betrast for trafikantar med høgare risiko for å omkomma eller verta hardt skadd.

Kommentar: Risikotal (trafikkarbeid/ulykker) syner at nokre trafikant- og køyretøygrupper har betydeleg høgare risiko for å omkomma eller verta hardt skadde i trafikken. Innsatsen må samstundes ta høgde for kor stor del av trafikken desse gruppene utgjer.

Ulike trafikantar har ulike fysiske og mentale føresetnadar for å ferdast i trafikken. Barn, unge, eldre.

Utvikling etter uhellskategori





Oppdrag 8 til ny NTP: Trafikksikkerheit

- Underrapportering av trafikkskadde
 - Berre 37 prosent av hardt skadde inngår i offisiell statistikk for vegtrafikkulykker.
 - Eineulykker sykkel særleg underrapportert.
- Trafikksikkerhet for gående og syklende i de største byområdene
 - Fleire gåande og syklende er fleire sårbare trafikantar.
 - Behov for betydeleg opptrapping av ts-arbeidet i byområda.
- Motorsykkelsikkerhet
 - Negativ utvikling – høg risiko for alvorlege ulykker
- Høyrisikogrupper i trafikken som følge av demografiendringer
 - Aldersgruppa 75+
 - Innvandrarar
 - Mjuke trafikantar

Forslag til målstruktur (utkast)

Delmål 3/4:

Fleire trafikantar i Vestland skal ha ei trafikksikker åtferd.

Kommentar: Mange snakkar om haldningsskapande arbeid. Det er viktig, men det er åtferda vår som trafikantar som til sjuande og sist tel.

Risikoåtferd: Rus, høg fart, manglande merksemd og manglande bruk av sikkerheitsutstyr er medverkande faktor i mange alvorlege ulykker.

Trafikkforståing og –kompetanse: God trafikkopplæring er ein viktig del av det å skapa tryggleik for barn og unge på veg til skule og fritidsaktivitetar.

Forslag til målstruktur (utkast)

Delmål 4/4:

Arbeidet med trafikktrygging i Vestland skal styrkast.

Døme måltal/indikatorar:

- I 2025 skal **XX** kommunar ha ein trafikktryggingsplan som er politisk vedtatt siste fem år.
- I 2025 skal **XX** kommunar vera godkjende som Trafikksikker kommune.

Strategiar:

- gjennom betre koordinering og samhandling ([internt og eksternt med andre ts-aktørar](#))
- gjennom auka kunnskap og kompetanse
- gjennom eit betre kommunalt trafikktryggingsarbeid
- gjennom eit aktivt lokalt trafikktryggingsarbeid

Kommentar: Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar regionalt for trafikksikkerheita etter vegtrafikklova §40a. Arbeidet ut mot kommunane er ei særleg viktig oppgåve.

Målstruktur - samanfatta

Hovudmål:

Færre skal omkomma eller verta hardt skadde i vegtrafikkulykker i Vestland.

Delmål:

I Vestland skal færre omkomma eller verta hardt skadde

- i utforkøyringsulykker
- i møteulykker
- som mjuke trafikantar

I Vestland skal trafikktryggleiken betrast for trafikantar med høgare risiko for å omkomma eller verta hardt skadd.

Fleire trafikantar i Vestland skal ha ei trafikksikker åtferd.

Arbeidet med trafikktrygging i Vestland skal styrkast.

Fine



Vestland
fylkeskommune

Politiske saker
PS 6/21 Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU) 2022

Saksnr: 2019/101-44
Saksbehandlar: Even Vaular

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet	6/21	04.10.2021

Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU) 2022

Forslag til vedtak

1. Trafikktryggingsutvalet vedtar følgjande møteplan for 2022:

1. møte (digitalt)	Måndag 10. januar
2. møte (digitalt)	Måndag 14. mars
3. møte	Torsdag 19. mai
4. møte (digitalt)	Måndag 3. oktober
5. møte	Måndag 14. november

Samandrag

Avdelingsdirektøren legg i denne saka fram forslag til møteplan for trafikktryggingsutvalet for 2022. Avdelingsdirektøren sitt forslag til møterekke for 2022 tar omsyn til ferier og raude dagar, kjende arrangement, koordinering med møte i dei andre utvala, framdriftsplan for handlingsprogram for trafikktrygging og plan for tilskotsordningane. Det er trafikktryggingsutvalet sjølv som skal fatta vedtak.

Dina Lefdal
avdelingsdirektør for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget fatta 16. juni 2021 følgjande vedtak:

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek justert møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune som ligg i tilleggsnotat 2 til saka.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

Møteplanen som fylkestinget vedtok 16. juni gjeld fylkestinget, fylkesutvalet, finansutvalet, hovudutvala og administrasjonsutvalet, samt politikardagane for 2022. Trafikktryggingsutvalet (FTU) har ikkje møte mellom juni- og septembertinget, og har difor ikkje hatt høve til å vedta møteplan før fylkesrådmannen (no 'fylkeskommunedirektøren') legg fram forslag til samla møteplan for alle folkevalde organ. Forslag til møteplan for FTU vert difor lagt fram til møtet 4. oktober.

Møteplanen vedtatt 16. juni ser slik ut:

møte folkevald organ	D er digitalt *ikkje											
	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			16/17			21/22			28/29			14/15
Fylkesutvalet	18 (D)	08 (D)	08/09	05/06	03 (D)	01/02 21			06 (D) 20 (D)	18/19	08/09 29 (D)	
Finansutvalet			08			01			20 (D)	18	08	
HU SAMO	12 (D)	16	22 (D)	26	24 (D)			31 (D)	14	05 (D) 26	16	
HU KULII	13 (D)	16	23 (D)	28	24 (D)	23 (D)		30 (D)	14	05 (D) 26	17	
HU OPPKO	12 (D)	16	10 (D)	07	24 (D)			26 (D)	14	06 (D) 26	23	
HU NÆRIN	13 (D)	16	24 (D)	26	24 (D)	23 (D)		31 (D)	14	06 (D) 26	17	
Adm.utvalet	25 (D)			20					07 (D)		24	
Politikardag*		15							13	25		

Feriar og rørlege heilag dagar i 2022

For skuleruta 2021/2022 er det lagt inn vinterferie i 2022 ulikt for skulane i Vestland fylke. Oversikten under viser og bevegelege heilag dagar i 2022, som møteplanen må ta omsyn til.

Vinterferie	Inntaksområde Sogn og Fjordane: 21.-25. februar Inntaksområde Hordaland: 28. februar-4. mars
Påskeveka	11.-18. april (2. påskedag)
Kristi himmelfartsdag	26. mai
Pinse	5.-6. juni (2. pinsedag)
Hautferie	Skulerute 2022/2023 ikkje fastsett

Vedtakskompetanse

I Reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune er det i reglementet for sakshandsaming lagt opp til at fylkestinget handsamar møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet.

Dei andre folkevalde organa som klagenemnda, kontrollutvalet, trafikktryggingsutvalet, valnemnda, medverknadsorgan, yrkesopplæringsnemnda og arbeidsmiljøutvalet vil fastsette egne møteplanar i sine respektive organ.

Vurderingar og verknader

Møteplan for 2022 skal fastsetta møtedatoane for trafikktryggingsutvalet det kommande året. Etter kommunelova § 11-2 skal det verta halde møte i folkevalde organ dersom eitt av tre vilkår er oppfylt:

- a) Organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- b) Organets leiar meiner det er naudsynt
- c) Minst 1/3 av medlemmane krev det.

Dei folkevalde organa vil såleis kunna endra møtetidspunkt på dei oppsette møta i møteplanen, og fastsetta nye møte etter behov.

Forslag til møteplan

Tilpassing til andre utvalsmøte

I avdelingsdirektøren sitt forslag til møteplan taktar møterekka med hovudutvalsmøta - særleg viktig er her hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO).

Framdrift for handlingsprogram for trafikktrygging

Det er også tatt omsyn til revidert framdriftsplan for handlingsprogram for trafikktrygging. Med forslag til møteplan vert framdrifta slik:

- Fylkesutvalet (FU) legg handlingsprogrammet ut på høyring 18. januar.
- Handlingsprogrammet er på høyring fram til starten/midten av mars.
- Høyringsinnspel og ferdigstilling av handlingsprogrammet fram til slutten av april.
- Slutthandsaming av handlingsprogrammet i mai-møtet i FTU, med vedtak i juninget.

SAMO taktar ikkje med februar-møtet til FU. Med mål om endeleg vedtak i juninget meiner avdelingsdirektøren at det vil gi for knapp tid til høyring og påfølgande handsaming om me legg opp til å få vedtatt høyring i mars-møtet til FU.

Tilskotsordningane

Avdelingsdirektøren føreslår følgjande søknadsfristar for tilskotsordningane til trafikktrygging i Vestland:

- Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak: 1. februar
- Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar: 1. desember (2021) og 1. september.
- Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar: 1. april.

For ordninga til fysiske ts-tiltak er søknadsfrist tilsvarande årets frist. For ordninga til ts-aktivitetar føreslår avdelingsdirektøren å flytta søknadsfristen for første tildeling i 2022 til 1. desember i år. Det gjer det mogleg å tildela i første FTU-møte på nyåret, noko me vurderer vil gi større økonomisk sikkerheit for dei som planlegg og gjennomfører aktivitetar gjennom vårsemesteret. Ordninga for ts-planar hadde i år opphavleg frist 1. april, men fristen vart utsett til 26. april.

Ordninga for fysiske ts-tiltak er avhengig av fordelinga av FTU-midlar, då den økonomiske ramma for tilskotsordninga påverkar makstilskotet kommunane kan søka om per tiltak. Det er ønskeleg med tidleg utlysing og vedtak i ordninga, for å gjera det mogleg for kommunane å setta i gang og ferdigstillta tiltak innanfor same budsjettår. Tiltak som er starta opp får vidareført tilsegna om tilskot til påfølgande år. Det er ønskeleg at søknadsfrist til hausttildelinga for ts-aktivitetar ikkje kjem for tett på sommarferien. Føreslått frist medfører at første FTU-møte etter sommaren 2022 vert i oktober, tilsvarande i år.

Forslag til møtedatoar

Avdelingsdirektøren foreslår møterekke for FTU i 2022 som vist i tabellen under. Merk at det også er foreslått kva møte som skal vera digitale. Desse er markert med (D) i kolonnen til venstre.

Møte nr.	Dato	Alternative datoar	Merknadar
1 (D)	Måndag 10. januar	Tysdag 11. januar	Tidleg møte for å få fordelt FTU-midlane (vedtak SAMO 12. januar) og lagt handlingsprogram ts ut på høyring (vedtak FU 18. januar). FTU vedtar 1. tildeling til ts-aktivitetar.
2 (D)	Måndag 14. mars	Fredag 18. mars, måndag 21. mars.	Møtedato tilpassa søknadsfrist for tildeling til fysiske ts-tiltak (vedtak FTU). Påfølgande SAMO-møte 22. mars.
3	Torsdag 19. mai	Fredag 20. mai, måndag 23. mai	FTU vedtar tildeling til kommunale ts-planar. Handlingsprogram for trafikktrygging vert slutthandsama (vedtak juninget). Påfølgande SAMO-møte 24. mai.
4 (D)	Måndag 3. oktober	Fredag 30. september, tysdag 4. oktober.	Møtedato tilpassa søknadsfrist for 2. tildeling til ts-aktivitetar. FTU vedtar også møteplan for 2023. Påfølgande SAMO-møte: 5. oktober.
5	Måndag 14. november	Torsdag 10., fredag 11. eller tysdag 15. november.	FTU vedtar tildeling av trafikktryggingssprisen for 2022. Påfølgande SAMO-møte: 16. november.

(D) = Digitalt møte.

Konklusjon

Avdelingsdirektøren sitt forslag til møterekke for 2022 tar omsyn til feriar og raude dagar, koordinering med møte i dei andre utvala, kjende arrangement, framdriftsplan for handlingsprogram for trafikktrygging og plan for tilskotsordningane. Avdelingsdirektøren ber utvalet ta stilling til forslaget og fatta vedtak. Det er vert å nemna at utvalet, i tråd med kommunelova §11-2, i etterkant kan endra på vedtekne møtetidspunkt og fastsetta nye møte etter behov.

Saksnr: 2021/21417-12
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
Vinjevoll

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet	7/21	04.10.2021

Høyring av Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033**Forslag til vedtak**

1. Trafikktryggingsutvalet kjem med følgjande uttale til Regional transportplan

Samandrag

Fylkesutvalet i Vestland vedtok 01.juni 2021 å sende høringsutkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) på høyring, dette i tråd med pbl. §8-3. Regional transportplan (RTP) er det øvste strategiske dokumentet for samferdselssektoren i Vestland fylke. Planen består av fire dokument

- Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033
- Handlingsprogrammet til RTP
- Strategi for mjuke trafikantar
- Strategi for berekraftig mobilitet

Vestland fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på alle dei fire dokumenta.

I RTP finn de mål, delmål, og strategiar som legg føringar for korleis vi skal jobbe for å nå måla. Handlingsprogrammet inneheld ein omtale av kriterium for prioriteringar og utviklingstiltak.

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør

Torill Klinker
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet i Vestland vedtok 01.juni 2021 å sende høyringsutkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) på høyring, dette i tråd med pbl. §8-3. Regional transportplan (RTP) er det øvste strategiske dokumentet for samferdselssektoren i Vestland fylke. Planen består av fire dokument

- Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033
- Handlingsprogrammet til RTP
- Strategi for mjuke trafikantar
- Strategi for berekraftig mobilitet

Vestland fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på alle dei fire dokumenta.

Det er viktig at det er god samanheng mellom utfordringsbilde i fylket og tiltaka som gjennomførast, difor har avdelingsdirektøren sett opp nokre hjelpespørsmål i forbindelse med høyringa:

- Tek planen inn over seg dei store utfordringane i fylket i tilstrekkeleg grad?
- Er målsettingane riktige med tanke på dei utfordringane vi har i fylket?
- Er det god samanheng mellom mål og strategiar?
- Er dei riktige kriteria for prioritering lagt til grunn? Kva kriterium bør eventuelt endrast?
- Er det andre utviklingstiltak som bør inn i handlingsprogrammet til RTP?

Vedtakskompetanse

I reglement for folkevalde organ og delegering står det at trafikktryggingsutvalet skal krevje å få lagt fram kommuneplanar, reguleringsplanar, planar etter veglova, undervisningsplanar og andre planar der trafikktryggleiken er særleg viktig.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Høyringsinnspel har ikkje direkte verknad på økonomien til fylkeskommunen. Men tiltak som følgje av høyringsinnspel kan medføre kostnader.

Klima:

Høyringsinnspel har ikkje direkte verknad på klima. Men tiltak som følgje av høyringsinnspel kan medføre kutt eller auke i klimagassutslepp.

Folkehelse:

Høyringsinnspel har ikkje direkte verknad på folkehelse. Men tiltak som følgje av høyringsinnspel kan ha innverknad på tilgjenge og folkehelse

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I Utviklingsplanen for Vestland 2020 - 2024 står det at det skal utarbeidast ein ny regional transportplan som er basert på dei to gamle transportplanane frå dei gamle fylka.

Konklusjon

Innspel frå trafikktryggingsutvalet er viktige innspel for å sikre at planen tek omsyn saker som er viktige for trafikktryggleik.

Saksnr: 2020/78745-51
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
 Vinjevoll

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingutvalet	8/21	04.10.2021

Tilskot til trafikktryggingaktivitetar - Haust 2021

Forslag til vedtak

FTU fordeler tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar slik tabellen viser

Namn på søkar	Namn på arrangement	Kommune	Søker	Totalkostnad	Tilskot
MA avdeling Sogn og Fjordane	Utdeling av refleksvestar til alle 5.klassingar i Sogn og Fjordane	Alle i S og F	kr 43 000	kr 43 000	kr 43 000
Stryn VGS	Trafikktryggingdag ved Stryn VGS	Stryn	kr 67 600	kr 73 500	kr 67 600
Skulestad skule	Sykelkids ved Skulestad skule	Voss	kr 12 500	kr 12 500	kr 12 500
Stryn kommune - Loen barnehage	Tut og køyr forsiktig	Stryn	kr 8 496	kr 8 496	kr 8 496
Stardalen barnehage	Bli synlege i trafikken	Sunnfjord	kr 4 000	kr 4 000	kr 4 000
Breim barnehage	Synleg på tur	Gloppen	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
Stad kommune	Alle barnevogner synlig i trafikken	Stad	kr 7 350	kr 7 350	kr 7 350
Askøy kommune	Trafikkdag	Askøy	kr 7 500	kr 7 500	kr 7 500
Atløy skule	Trafikktryggingdag	Askvoll	kr 9 000	kr 9 000	kr 9 000
Skorvane vel	Skilting i Skorvane boligfelt	Bjørnafjorden	kr 3 000	kr 3 000	kr -
FAU Nordre Neset barneskule	Aksjon aktiv skuleveg	Bjørnafjorden	kr 9 225	kr 9 225	kr 8 000
FAU Sædalen skole	Refleksvestaksjon 2021	Bergen	kr 6 000	kr 6 000	kr 6 000
Solund barne og ungdomskule	Trafikktryggleik	Solund	kr 25 000	kr 25 000	kr 25 000
Øygarden kommune	Sykelkids ved Blomvåg skule	Øygarden	kr 7 500	kr 7 500	kr 7 500
Øygarden kommune	Midler til NCF Sykkelskolen - Sykelkids på Foldnes skole	Øygarden	kr 45 000	kr 45 000	kr 45 000
Askøy kommune	Mobilitetsuke	Askøy	kr 40 000	kr 40 000	kr 30 000
Nygård barnehage AS	Sparebøsser på hjul	Gloppen	kr 108 245	kr 127 660	kr -

FAU Davanger skole	Reflekskampanjen	Askøy	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
Lysekloster barneskule	Sykkelkids	Bjørnafjorden	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000
Skulemiljøutvalet ved Vassenden skule i Sunnfjord kommune	Hjartesone	Sunnfjord	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000
Alver kommune	Sykkelkids	Alver	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000
Breim barnehage	Synleg på tur	Gloppen	kr 9 000	kr 9 000	kr 9 000
Stryn frivilligsentral	Trygg på sykkel i Stryn kommune	Stryn	kr 40 000	kr 40 000	kr 40 000
Trygg trafikk	#bruksykkellys	Bergen og omeinskomunar	kr 150 000	kr 200 000	kr 150 000
Kvinnherad kommune	Synlege aktive eldre	Kvinnherad	kr 50 000	kr 50 000	kr 40 000
Bjørgum Skule FAU	Sykkelopplæring for 4. og 5. klasse	Voss	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000
Rygg Barnehage SA	Sikker i bil	Gloppen	kr 8 000	kr 8 000	kr 8 000
Næringshagen på Voss AS	Badnaslepp og Smalahoveslepp 2021	Voss	kr 49 000	kr 120 000	kr 49 000
Fjaler kommune	Trafikkopplæring Våge skule	Fjaler	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord	Stord	kr 51 875	kr 52 000	kr 51 875
Vaksdal kommune	Teaterframsyning for barnehageborn med trafikktryggleik som tema	Vaksdal	kr 52 700	kr 52 700	kr 52 000
Vaksdal kommune	Markering av refleksdagen 21.oktober 2021	Vaksdal	kr 47 000	kr 47 000	kr 47 000
Kløvheim bygdelag	Refleksjakten Kløvheim 2021	Alver	kr 40 000	kr 45 000	kr 40 000
Bømlo kommune	Hjartesone og trafikkisikringsdag Våge skule	Bømlo	kr 20 000	kr 30 000	kr 20 000
Bømlo kommune	Sjå og bli sett på sykkel	Bømlo	kr 30 000	kr 30 000	kr 30 000
Arbeidsgruppa for FAU Knarvik	Refleksaksjon 2021	Alver	kr 30 000	kr 30 000	kr 8 000
IL Kvernbit	Haldningskampanje knytt til trafikktryggleik	Alver	kr 87 500	kr 100 000	kr 87 500
Ullensvang kommune	Førstehjelp ved trafikkulukker	Ullensvang	kr 35 000	kr 35 000	kr 35 000
Askøy kommune	Trafikkaksjon	Askøy	kr 6 000	kr 6 000	kr 6 000
Vestland fylkeskommune (Måløy VGS)	Skrudag/opent verksted	Kinn	kr 18 000	kr 18 000	kr 18 000
Stiftinga Austrheim barnehage	På tur i trafikken	Gloppen	kr 3 000	3000	kr 3 000
Voss herad	Utdanning av lærarar til å undervise i valfag trafikk	Voss	kr 50 000	kr 97 400	kr -
Total			kr 1 345 491	kr 1 426 431	kr 1 140 321

Samandrag

I Trafikksikringsutvalet i Vestland sitt budsjett var det opprinneleg sett av 2 000 000 kr til tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar. I tillegg vart 850 000 kr omdisponert frå tilskotsordninga til trafikktryggingsplanar. Totalt er det difor sett av 2 850 000 kr til trafikktryggleiksaktivitetar i Vestland.

Tilskotsordninga har to fristar årleg, og etter fyrste runde med tildeling vart det delt ut 1 408 112 kr til 35 ulike arrangement. Det inneber at det står att 1 441 888 kr til denne runda.

Etter andre frist kom det inn 42 søknader på til saman 1 345 491 kr. I avdelingsdirektøren si innstilling er det lagt opp til ei tildeling på 1 140 321 kr til 39 ulike aktivitetar.

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport

Torill Klinker
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I Trafikksikringsutvalet i Vestland sitt budsjett var det opprinneleg sett av 2 000 000 kr til tilskotsordninga for trafiktryggleiksaktivitetar. I tillegg vart 850 000 kr omdisponert frå tilskotsordninga til trafiktryggingsplanar. Totalt er det difor sett av 2 850 000 kr til trafiktryggleiksaktivitetar i Vestland.

Tilskotsordninga har to fristar årleg, og etter fyrste runde med tildeling vart det delt ut 1 408 112 kr til 35 ulike arrangement. Det inneber at det står att 1 441 888 kr til denne runda.

Etter andre frist kom det inn 42 søknader på til saman 1 345 491 kr. I avdelingsdirektøren si innstilling er det lagt opp til ei tildeling på 1 140 321 kr til 39 ulike aktivitetar.

Kriterium for tilskotsordninga

- Det blir lagt vekt på trafikfagleg kvalitet og kor sentralt førebyggjande trafikksikringsarbeid står i tiltaket.
- Kor breitt tiltaket når ut vert vurdert opp mot storleiken på søknadssum.
- Trafikksikringsaktivitetar i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet vert prioritert.
- Frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafiktryggingsarbeid vert prioritert.
- Tilskotet kan nyttast til kostnader som er direkte knytt til gjennomføring av tiltaket.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til kostnadar knytt til ordinær drift og administrasjon av søkjar si verksemd.
- Tiltaket kan ikkje vere gjennomført før søknad er sendt.

Dersom totalkostnaden av aktiviteten er meir enn 50 000 kr er det eit krav om eigenandel på minimum 25 % på den delen som overskrider 50 000 kr. Det vil sei at dersom totalkostnaden er på 60 000 kr må ein ha ein eigenandel på minimum 2 500 kr (Reknestykket: $(60\,000\text{ kr} - 50\,000\text{ kr}) \cdot 0,25 = 2\,500\text{ kr}$)

Trafiktryggingsaktivitetane det har blitt søkt om spenner frå sykkelopplæring og refleksutdeling til innkjøp av utstyr for trafikopplæring i skular og barnehagar og teaterframsyningar med trafiktryggleik i fokus. Nokre søkjer om midlar til premiar og utdelingar, og i desse tilfella har avdelingsdirektøren sett det som hensiktsmessig å sette eit tak på kor mykje pengar som brukast på dette, då det ikkje bidreg til å sikre god fagleg kvalitet på aktiviteten. Taket i saksframlegget er sett til 8 000 kr.

Under er ei kort skildring av dei enkelte tiltaka

Utdeling av refleksvestar til alle 5.klassingar i Sogn og Fjordane i regi av MA avdeling Sogn og Fjordane

MA avdeling Sogn og Fjordane skal kjøpe inn refleksvestar til alle 5.klassingar i Sogn og Fjordane og distribuere desse til alle skulane. Dette gjer dei kvart år, og bruker mykje tid på å nå rundt til alle. Dei søker om 43 000 kr til dette, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 43 000 kr.

Trafiktryggleiksdag ved Stryn VGS

Stryn VGS ønskjer å arrangere ein trafiktryggleiksdag for elevane, med ulike stasjonar og poster der dei får informasjon om trafiktryggleik. Dei skal også simulere ei ulykke, og ha ein quiz for å sjå kva elevane har lært i løpet av dagen. Dei samarbeider også med blålysetatane, Trygg Trafikk og vegvesenet. Helse- og oppvekstfag vil også bidra med opplæring i bruk av hjartestartar og fyrstehjelp. Dagen dei har planlagt har ein totalkostnad på 73 500 kr. Dei søker om 67 600 kr, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 67 600 kr.

Sykkelkids ved Skulestad skule på Voss

Skulestad skule i Voss kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 12 500 kr som er eigenandelen for programmet. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 12 500 kr.

Loen barnehage/Stryn kommune arrangerer «Tut og køyr forsiktig»

I barnehagen skal dei ha køyretøy og trafikkreglar som fokustemaet i årsplanen. Barnehagen skal innom temaa sykkel, elbil, trafikkreglar og skilt, samt at dei skal markere refleksdagen. Dei skal også invitere inn andre etatar til å snakke om temaa. Dei søker om 8 496 kr som skal brukast til refleksvestar og trafikkskilt som brukast i opplæringa. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 8 496 kr.

Stardalen barnehage i Sunnfjord komme søker pengar til «Bli synlege i trafikken»

Barnehagen bruker beina og sykklar når dei skal ut på tur. Dei vil no gå til innkjøp av nye refleksar og eit turtau som skal gjere desse turane langs vegen tryggare for bode born og vaksne. Dei søker om 4 000 kr til dette. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 4 000 kr.

Breim barnehage i Gloppen kommune søker pengar til «Synleg på tur»

Barnehagen skal ha ei veke med trafikk som tema, og skal ha både teori og praksis. Denne veka skal barna lære om reglar og korleis oppføre seg i trafikken. I den anledning søker dei om pengar til å kjøpe refleksar som dei skal bruke i opplæringa og når barnehagen er på tur. Dei søker om 10 000 kr, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

Stad kommune søker midlar til «Alle barnevogner synlege i trafikken»

Helsesjukepleiarane skal ta med refleksband til barnevogner når dei reiser på heimebesøk til alle familiar med nyfødde bord. Dei når då ut til alle som har fått barn i kommunen med refleks og informasjon. Dei søker midlar til å kjøpe inn refleksbanda. Dei søker om 7 350 kr, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 7 350 kr.

Trafikkdag ved Follese skole på Askøy

Trafikkdag for 1.-4.klasse og SFO på Follese skole i Askøy. Elevane skal øve seg på trafikkreglane og har ei gåprøve som avslutning av dagen. Dei søker om 7 500 kr som dei skal kjøpe inn trafikkskilt, premiar og ha servering for. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 7 500 kr.

Trafikktryggingdag ved Atløy skule

Trafikktryggingdagen skal bestå av tre stasjonar som elevane frå 1.-7.trinn skal innom. Ein stasjon med fokus på sjekk av sykkelutstyr, der hjelper politiet til. Ein stasjon der Raude Kors har fokus på skader i trafikken. Ein stasjon med ein trafikkskule der ein øver på god åtfærd i trafikken. Det vil også vere fokus på elsparkesyklar som eit nytt element i trafikken. Dei søker om 9 000 kr, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 9 000 kr.

Skorvane vel søker midlar til å sette opp skilt i Skorvane bustadfelt

Dei ønskjer å henge opp skilt av typen "Køyr varsamt, born leikar" i området, og søker midlar til det. Dei søker om 3 000 kr. For å kunne sette opp skilt så må ein søke til skiltmynde om tillating. Det generelle rådet er å ikkje sette opp slike skilt då det kan gje ei kjensle av falsk tryggleik for området det gjeld. I tillegg er dette eit fysisk tiltak, og difor ikkje høveleg for denne tilskotsordninga. Avdelingsdirektøren rår difor til at FTU ikkje gir tilskot til dette.

FAU på Nordre Neset barneskule vil arrangere Aksjon aktiv skuleveg

FAU ved Nordre Neset barneskule i Bjørnafjorden ønskjer å sette fokus på aktiv skuleveg, og dermed redusere talet på bilar kring skulen. Klassene får poeng ut frå korleis dei kjem seg til skulen, og klassa med flest poeng vinn. Dei søker om 9 225 kr som skal gå til is til alle deltakarane og pizza til vinnarklassa. Midlane vert ikkje brukt til å sikre den trafikkfaglege delen av arrangementet, og avdelingsdirektøren rår til at ein avkortar tilskotet noko. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 8 000 kr.

FAU ved Sædalen skule arrangerer Refleksvestaksjon 2021

Årleg refleksvestaksjon for å motivere elevane til å bruke refleksvest gjennom mørketida. Det har vore arrangert tidlegare med stor suksess, og dei premierast med pizzafest. Dei søker om 6 000 kr som går til pizzapremiar. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 6 000 kr.

Solund barne og ungdomskule søker midlar til opplæringstiltak

Dei søker midlar til å styrke kompetansen til både elevar og lærarar ved skulen, men planane er ikkje klare enno. Dei ønskjer også å markere refleksens dag i oktober. Dei ønskjer å etablere samarbeid med brannvesen og ambulanse. Det er fyrste året skulen har valfaget trafikk og difor treng dei opplæringstiltaka. Dei søker om 25 000 kr, som skal brukast til å kjøpe refleksvestar, kollisjonsputer og fyrstehjelpsutstyr. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 25 000 kr.

Øygarden kommune vil arrangere Sykkelkids på Blomvåg skule

Blomvåg skule i Øygarden kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 7 500 kr som er eigenandelen for programmet. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 7 500 kr.

Øygarden kommune vil arrangere Sykkelkids på Foldnes skole

Foldnes skole i Øygarden kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar ved tre trinn. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 45 000 kr som er eigenandelen for programmet. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 45 000 kr.

Askøy kommune søker midlar til Mobilitetsuke

Mobilitetsuka handlar om å få fleire til å gå eller sykle. For å trygge dei gåande og syklende vil dei dele ut refleksar og informasjon på Kleppestø kai 17.09. Dei søker om 40 000 kr til å kjøpe refleksar for. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

Nygård barnehage AS søker midlar til «Sparebøsser på hjul»

Barnehagen ønskjer å sette fokus på sykkel som reelt alternativ til bil. Dei vil kjøpe ein lastesykkel som foreldre kan få låne, og barnehagen kan bruke på tur. Barna skal lære om trafikken av foreldre og barnehagepersonell. Dei skal bruke 127 660 kr, og søker om å få dekt 108 245 kr. Avdelingsdirektøren vurderer dette tiltaket å falle utanfor rammene til denne tilskotsordninga, og innstiller difor på at dei ikkje får tilskot.

FAU ved Davanger skole i Askøy kommune vil arrangere «Reflekskampanjen»

Dei arrangerer ein årleg reflekskampanje, der alle elevar blir oppfordra til å gå med refleks. Det er eit kick-off med diskotek, og dei trekker premier til dei som har brukt refleks i perioden. Målet er å trygge elevar når dei går/syklar til og frå skulen. Dei søker om 10 000 kr som brukast på å arrangere kick-off og kjøpe premiar. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

Sykkelkids på Lysekloster barneskule

Lysekloster barneskule i Bjørnafjorden kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 15 000 kr som er eigenandelen for programmet. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

Skulemiljøutvalet ved Vassenden skule vil arrangere kick-off for Hjartesona kring skulen

Skulemiljøutvalet ved Vassenden skule ønskjer å arrangere eit arrangement for å opne Hjartesona kring skulen. Dei vil engasjere elevrådet ved å få dei til å lage filmar og lage aksjonar der klassane kan få belønningar for å gå eller sykle til skulen, bruke refleks og utføre positive trafikaksjonar. Dei søker 50 000 kr til å bruke til dette og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

Sykkelkids på Lindås barneskule

Lindås barneskule i Alver kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 15 000 kr som er eigenandelen for programmet. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

Breim barnehage arrangerer «Synleg på tur»

Breim barnehage vil gi refleksvestar til alle barna i barnehagen med namna til barna på. Refleksane skal brukast både heime og når barnehagen er ute på tur. Dei søker om 9 000 kr til dette. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 9 000 kr.

Stryn frivilligsentral skal arrangere «Trygg på sykkel i Stryn kommune»

Frivilligsentralen vil lage tre arrangement om trafikreglar, riktig utstyr for syklar og fyrstehjelp. Arrangementa er samarbeid mellom ulike etatar. Arrangementa skal vere for skuleelevar, unge og vaksne flyktningar. Dei søker om 40 000 kr for å kunne gi honorar til dei som bidreg og til å kjøpe inn utstyr. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

Kampanjen #Bruksykkellys i regi av Trygg Trafikk

Trygg Trafikk vil gjennomføre ein kampanje for å få fleire til å bruke sykkellys på syklane. Smittesituasjonen vil vere avgjerande på korleis det kan gjennomførast, men håpet er å ha "gladkontrollar" i tillegg til ein samarbeid med Sykkelkids, der elevar som får sykkelopplæring også får ei sykkellykt dersom dei manglar det. Trygg Trafikk tenker å bruke 200 000 kr på kampanjen, og søket om å få dekt 150 000 kr av FTU. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 150 000 kr.

Synlege aktive eldre i Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune skal gjennomføre heimebesøk hos eldre i kommunen og ønskjer i samband med det å dele ut refleksar og broddar til eldre saman med råd om fysisk aktivitet og tryggleik. Ein ser at eldre bevegar seg mindre om vinteren, og dette er eit forsøk på å gi dei høve til å kome seg meir ut samstundes som dei skal kjenne seg trygge. Dei søkjer om 50 000 kr til å kjøpe broddar og refleksar. Tiltaket er godt, men å kjøpe broddar er ikkje eit trafikktryggingstiltak, og avdelingsdirektøren innstiller difor på eit tilskot på 40 000 kr.

Sykkelkids på Bjørgum skule

Bjørgum skule i Voss kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 15 000 kr som er eigenandelen for programmet. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

«Sikker i bil» i regi av Rygg barnehage SA

Barnehagen ønskjer å sette fokus på sikring av barn i bil gjennom ein kampanje. Dei vil dele informasjon og setje fokus på temaet både for barn og vaksne. Dei søkjer om 8 000 kr til å lage materiell. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 8 000 kr.

Badnaslepp og Smalahoveslepp 2021 i regi av Næringshagen på Voss AS

Badnaslepp og Smalahovesleppet er eit årleg arrangement på Voss, og i år igjen ønskjer dei å sette fokus på trafikktryggleik. Arrangementet trekker til seg folk i alle aldrar. Det skal vere teaterframsyning med trafikk som tema. Barnehagane blir invitert særleg til å sjå på teaterstykke. Så kjem Sykkelkids og har sykkelopplæring, Trygg Trafikk stiller med sin maskot og informasjon osv. Totalt bruker dei 120 000 kr på arrangementet, og søker FTU om 49 000 kr. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 49 000 kr.

Trafikkopplæring på Våge skule

Våge skule i Fjaler kommune ønskjer å lage eit trafikkområde på uteplassen til skulen med vegmerking av rundkøyring, fotgjengarfelt, trafikklys og ulike skilt. Dette skal brukast i opplæringa i valfaget trafikk. I tillegg treng dei trehjuls sykklar, små bilar og el-sparkesyklar med naudsynt tryggleiksutstyr. Dei søkjer om 50 000 kr til å kjøpe inn utstyr. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

Sykkelkids på fem skular i Stord kommune

Sju klasser fordelt på fem skular i Stord kommune vil gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 51 875 kr som er eigenandelen for programmet. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 51 875kr.

Teaterframsyning for barnehageborn med trafikktryggleik som tema i Vaksdal kommune

I Vaksdal vil dei skal sette opp teater for dei yngste barna i kommunen, totalt fem førestillingar. I tillegg vil dei dele ut refleksvestar til alle barna. Arrangementet er ein del av arbeidet kommunen gjer som trafikksikker kommune. Dei har ein totalkostnad på 52 700 kr, og på grunn av krav om eigenandel ved arrangement over 50 000 kr så innstiller avdelingsdirektøren på eit tilskot på 52 000 kr.

Markering av refleksdagen i Vaksdal kommune

Dei skal dele ut refleksar til barn og unge i kommunen. Saman med FAU skal dei lage ei ramme rundt markeringa med leikar og aktivitetar der ein har fokus på å vere synleg i trafikken. Dei søker om 47 000 kr til å kjøpe refleksar for. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 47 000 kr.

Refleksjakten i regi av Kløvheim bygdelaag

Refleksjakten blir arrangert årleg i samband med refleksens dag. Arrangementet er eit samarbeid mellom bygdelaaget, blålysetatane, redningsselskapet og lokal trafikkskule for å setje fokus på refleksbruk. Deltakarane skal gjennomføre ei løype, og i år skal dei vise film som demonstrer

viktigheita av refleksen. Arrangementet har ein total kostnad på 45 000 kr, og dei søker om å få dekt 40 000 kr som skal gå til marknadsføring, materiell og premiering. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

Hjertesone og trafikksikringsdag på Våge skule i Bømlo kommune

Som ein del av arbeidet med å få på plass ei Hjertesone kring skulen ønskjer dei å starte med ein trafikksikringsdag. Arrangementet er eit samarbeid mellom skulen, kommunen og FAU, i tillegg bidreg Trygg Trafikk med fagleg rådgjeving. Arrangementet har ein total kostnad på 30 000 kr som skal brukast på transport, utstyr, skilt og personale, dei søker om å få dekt 20 000 kr av FTU. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 20 000 kr.

Kampanjen «Sjå og bli sett på sykkel» i Bømlo kommune

Bømlo kommune vil arrangere ein kampanje for at fleire skal montere sykkellys på syklane sine. Dei skal ha konkurransar der dei kan vinne sykkellykter og "gladaksjon" langs skulevegen. Dette er ein del av arbeidet som trafikksikker kommune. Dei skal bruke 30 000 kr på å kjøpe inn sykkellykter, og bed om å få dekt dette. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

Refleksaksjon 2021 i Alver kommune

Årleg refleksaksjon for å få fleire til å bruke refleksar med premiar til dei som brukar refleks. Dei søker om 30 000 kr som dei skal bruke på premiar i form av sykklar, sparkesyklar og pizzafest. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 8 000 kr, då midlane går utelukkande til premiar, og ikkje til å sikre kvaliteten på det trafikkfaglege.

Haldningskampanje knytt til trafikksikkerheit i regi av IL Kvernbit

IL Kvernbit vil arrangere ein haldningssskapande kveld for barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år for å sette fokus på trafikksikkerheit til og frå trening. Det er stadig fleire mjuke trafikantar på vegen til og frå idrettsanlegget, og det har gjort at dette behovet har oppstått. Dei skal samarbeide med TSU Nordhordland, Frekhaug legesenter og Trygg Trafikk. Dei skal bruke 100 000 kr på administrasjon, føredrag, servering, materiell og refleksar og søker om å få dekt dette. Og søker om å få dekt 87 500 kr. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 87 500 kr.

Førstehjelp ved trafikkuulykker i regi av Odda barneskule

Dei vil arrangere ein opplæringsdag i førstehjelp og førstehjelp ved ulykker for alle dei 375 elevane ved Odda barneskule. Dei søker om 35 000 kr som skal gå til utstyr, materiell, honorar og litt servering. Avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 35 000 kr.

Trafikkaksjon i Askøy kommune

Morgonaksjon på Askøy over fleire dagar der dei snakkar med foreldre som køyrer barna til skulen, barn som sykklar, går eller kjem med buss. Her får dei informasjon og refleks. Dei søker om 6 000 kr til dette, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 6 000 kr.

Skrudag/opent verkstad i regi av Måløy VGS

På skrudagen på Måløy VGS kan elevar kome innom skulen å få hjelp til å gå gjennom sitt køyretøy for å sikre at det er i god stand og trafikksikkert å bruke. Biltilsynet, politi og trafikkskule bruker å møte opp og snakke om trafikksikkerheit. Dei søker om 18 000 kr til å kunne gjennomføre dette, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 18 000 kr.

På tur i trafikken av Stiftinga Austrheim barnehage i Gloppen kommune

Barnehagen ønskjer å kjøpe inn refleksvestar som dei skal bruke når barnehagen er ute på tur. I tillegg skal dei ha fokus på trafikreglar og lære barna korleis ein oppfører seg i trafikken. Dei søker om 3 000 kr til dette, og avdelingsdirektøren innstiller på eit tilskot på 3 000 kr.

Utdanning av lærarar til å undervise i valfag trafikk i Voss herad

Dei ønskjer å utvide tilbodet om valfag Trafikk i heradet, då dette er eit svært populært fag. Elevane kan ta trafikalt grunnkurs på skulen gjennom faget. Dei treng då fleire lærarar med formell kompetanse i faget. Faget har fokus på trafikksikkerheit. To lærarar skal ta trafikalt grunnkurs for lærarar, og i tillegg skal Trygg Trafikk rettleie lærarane. Dette har ein total kostnad på 97 400 kr, og dei søker om å få dekt 50 000 kr av FTU. Avdelingsdirektøren ser det som eit kommunalt ansvar å gje sine lærarar den formelle kompetansen som skal til for å undervise i eit fag, og innstiller difor på at dei ikkje får tilskot til dette.

Vedtakskompetanse

I følgje reglement for folkevalde organ og delegering har trafiktryggingsutvalet avgjerdsmynde når det gjeld tildeling av tilskotsmidlar til trafiktryggleiksaktivitetar.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tilskotsordninga er finansiert gjennom Trafikktryggingsutvalet sitt budsjett, og har ei ramme på 2 850 000 kr.

Tilskotsordninga har to fristar årleg, og etter fyrste runde med tildeling vart det delt ut 1 408 112 kr til 35 ulike arrangement. Det inneber at det gjenstår 1 441 888 kr til denne runda.

Det gjenstår 301 567 kr på budsjettposten etter begge tildelingar er gjennomført.

Klima:

Ikkje direkte relevant, men trafiktryggleik er ein viktig føresetnad for at folk skal velje å gå eller sykle.

Folkehelse:

Trafikktryggleik er eit viktig moment i folkehelsa, tilskotsordninga gir støtte til opplæringstiltak, gå- og sykkelaksjonar og haldningskampanjar som bidreg til å trygge menneske i alle aldrar, noko som også kan bidra til deltaking i samfunnet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Satsing på trafikkopplæring og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrakta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

Konklusjon

I Trafikksikringsutvalet i Vestland sitt budsjett var det opprinneleg sett av 2 000 000 kr til tilskotsordninga for trafiktryggleiksaktivitetar. I tillegg vart 850 000 kr omdisponert frå tilskotsordninga til trafiktryggingsplanar. Totalt er det difor dett av 2 850 000 kr til trafiktryggleiksaktivitetar i Vestland.

Tilskotsordninga har to fristar årleg, og etter fyrste runde med tildeling vart det delt ut 1 408 112 kr til 35 ulike arrangement. Det inneber at det gjenstår 1 441 888 kr til denne runda. Etter andre frist kom det inn 42 søknader på til saman 1 345 491 kr. I avdelingsdirektøren si innstilling er det lagt opp til ei tildeling på 1 140 321 kr til 39 ulike aktivitetar.

Det vert delt ut midlar til store og små tiltak innan sykkelopplæring, refleksaksjonar, trafikksikringsdagar, kurs og organisatoriske tiltak.

Tilskotsordninga for trafiktryggleiksaktivitetar er ei ordning som bidreg til aktivitetar i heile fylket, og som når ut til mange menneske. For å promotere ordninga har vi sendt ut informasjonsskriv til alle kommunane i Vestland, sendt ut pressemelding til alle aviser og vi har nytta eigne kanalar som vlfk.no og Facebook.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift